



Leif Inge Heimvik frå Utåker deklamerte og song to viser med tonefylgje av Rustne Menn.

**Dagens gjest på Kafe Tiaren, Leif Inge Heimvik frå Utåker, song tekstar av Stein Ove Berg og Lillebjørn Nilsen. Ikkje nok med det, han deklamerte dikt til kvar av songane. Meisteleg gjort berre slik Leif Inge kan gjera det med si vare og varme formidlingsform, alt utan manus og med artige kommentarar innimellom.**

Mykje folk var samla på Kafe Tiaren med godt sal. god drøs og vakker allsong. Kommer nå av Stein Ove Berg er frå debuten i 1974. Berg er ein av mange visesongarar som vart kjend i programmet Søndagsposten og seinare med viser i Ønskekonsernten. Til denne visa sa Leif Inge fram diktet Vinden smyg mot rute.

Til songen Regnet er en venn av Lillebjørn Nilsen deklamerte Heimvik diktet Regn av Sigbjørn Obstfelder. Lillebjørn Nilsen ( f. 1950 ) er visesongar og diktar og mange av tekstane hans har motiva frå heimbyen hans, Oslo.

Rustne Menn med Tore Nordal Pedersen, Reidar Myklebust, Svein Rimestad og Kristian Bringedal er i rask utvikling, no også som kompeband. Trass minus 5 grader ute og bitande kald vind, var det god varme og god stemning innadørs i den gamle skulen med to skulestover og kjøkken.

Takk til Leif Inge Heimvik som gjesta Uskedalen med vakker song og dikt. Ei eske Mokkabønner var alt han fekk med på vegen til Utåker, men det beste var at mange gjekk heim godt nøgde med det dei fekk oppleve.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Thor Inge Døssland